



Rutineskildring

Medhjelpar babysong i Stedje sokn

Føremål

Babysong er ein del av trusopplæringa i kyrkja i Sogndal kommune og har desse måla:

- Borna får oppleve tryggleik og glede gjennom song, leik og fellesskap med andre, og gjennom det songane fortel om Gud.
- Borna får stimulert sansane sine gjennom song, musikk og rytme.
- Foreldra lærer songar og bøner som òg kan nyttast heime.
- Bidra til at både små og store deltakarar kan kjenne tilhørsle til fellesskapen knytt til kyrkja.

Arbeidsoppgåver

Babysong er eit tilbod for aldersgruppa 0-0 år, og vert leia av leiar for trusopplæringa saman med 2 frivillige medhjelparar på kvar samling. Det er 10 samlingar kvart halvår, og samlingane finn stad i kapellet på Stedje.

Programmet på samlingane har følgjande tema:

- Songar med innleiande lyttenning.
- Bordbøn og måltidsfellesskap.
- Leik og bruk av rytmeinstrument undervegs.
- Avsluttande kveldsbøn og/eller velsigning.

Som **frivillig medhjelpar** har du desse oppgåvene før, under og etter samlinga:

- Ansvar for innkjøp og tillaging av lunsj.
- Du må møte 45 minutt før samlinga byrjar.
- Du er med på sjølve lunsjen, på den måten at du er med på å sikre at alle som er innom, blir sett, du ser etter babyane medan mødrene får ete lunsj og fyller på med mat og kaffi.
- Du deltek i songen saman med dei andre vaksne.
- Opprydding/oppvask etter samlinga.

Gruppeleiari

Gruppeleiaren din: Birgit K. Johnsen, m. 995 01 489, E-post: birgjohn@online.no

Gruppeleiaren sine oppgåver er mellom anna å vere med å rekruttere nye medarbeidrarar, ta imot dei, lære dei opp og følgje dei opp.

Dersom kyrkjeverten har spørsmål eller tilbakemeldingar som gjeld tenesta som medhjelpar, kan han eller ho ta kontakt med den som er gruppeleiari.

Informasjon om faste samlingar

Den som er gruppeleiar for babysong-medhjelparane vil 1-2 gonger i året samle alle medhjelparane til eit møte – der de t.d. kan utveksle erfaringar og kome med framlegg til endringar. Du vil òg verte invitert til medarbeidarsamling – til vanleg i september. Her vil du kunne møte frivillige frå alle seks sokna.

Rutine ved byte av teneste eller forfall

Dersom du har forfall, er det fint om du kan gjere avtale om byte av dag direkte med ein av dei andre medhjelparane. Du må deretter gje melding om bytet via telefon eller SMS til både gruppeleiaren din og kyrkjekontoret, m. 400 19 587.

Kyrkjekontoret melder vidare til trusopplæringsleiaren.

Dersom du ikkje finn ein vikar, må du så raskt som mogleg gje melding til gruppeleiaren.

Kyrkjekontoret

- Sender ut terminliste med namn på medhjelparane kvart halvår.
- Kan bidra med rekruttering.
- Legg namn, tlf. og e-post til nye medarbeidarar inn i datasystemet.

Revisjon

Alle rutineskildringane skal kontrollerast ein gong for året (august) eller oftare om det vert gjort endringar. Det er soknerådet som har ansvar for dette – etter eventuelle innspel frå gruppeleiar – sjå årshjulet.